

13/9-13

f 619

Gut

Norsk

Nr
①

Amazonas

Eg satt på eit fly til Amazonas. Eg hadde nemleg dratt på safaritur til der eg skulle leve i jungelen. Med meg hadde eg Viljar, Ivar og Kjetil. Flyet var ikkje av heilt ny dato og plutseleg høyrde vi ein skranglande lyd frå motoren og så var den kaputt. Venstre vingen falt av, pustemasker fall ned fra taket og flyet mista stadig far og flyet begynte å gå nedover Piloten prøvde å lande på ein slags flyplass som såg heilt forlatt ut. Så skjedde det; flyet kræsja med fronten først men ingen eksplosjon. Det hadde gått bra med oss, men ikkje med sjåføren/guiden. Fronten var heilt most og tilsynelatande flat. Piloten var også flat. Vi begrava han og satte opp ei påle der det stod R.I.P. Det var som om flyplassen dei hadde kræsja i var nabo med jungelen. Det einaste som fans der, var landingsstipa og eit lite skittent motell. Vi tok ut bagasjen av flyet og andre ting vi kunne finne. Det såg ikkje ut som dette var noko anbefalt reisemål. Det var berre vi som hadde vore på flyet i tillegg til piloten og vi var tilsynelatande aleine på flyplassen og. Vi gjekk bort til det skitne motellet og såg om det var nokon der, men det var tomt. Ivar prøvde å ringe etter hjelp, men det var ingen dekning. Vi såg gjennom motellet og såg om det var mulig å sove der. Men motellet var infiltrert med slanger, edderkoppar og andre kryp, så vi bestemte oss for å sette opp telt. Viljar meinte at flyet hadde kome frå nord, så vi bestemte at neste dag skulle vi gå den vegen slik at vi kom nærare byen. Kanskje vi fekk dekning på vegen dit.

Neste dag pakka vi saman og begynte å gå nordover. Dette ville jo også vore ein fin natur oppleving dersom vi hadde havna her på ein annan måte. Når vi kom inn i skogen såg vi eit skilt hvor det sto indre Amazonas. Skiltet såg ganske gammalt ut og hadde nok vore der lenge. Det gjekk ein liten sti nordover og vi begynte å følgje den. Vegen var ganske svingete og ujamn så det gjekk ikkje så fort. Slik gjekk vi ein dag og vi møtte nesten ikkje på noko bortsett frå ei lita ape som Ivar ville ha med seg.

Når vi hadde gått heile dagen kom vi til ein liten dal der Ivar igjen prøvde å få dekning utan hell. Kjetil sette opp teltet og eg såg etter mat. Det einaste vi hadde av mat var tyggis frå tax free en og ein 10 pakning med cola. Vi hadde

13/9-13

f6019

Gut

Norsk ^N
①

også tatt med oss ein pose M&M som vi også hadde kjøpt på tax free en. Det einaste eg fant var ein turkis merkeleg frukt og kildevatn. Dei andre vart ikkje kjempefornøgd men den turkise frukta smakte faktisk overraskande godt.

Den kvelden bestemte vi oss for å ha vakt på tur og passe på om det kom nokon, men det einaste vi høyrde den kvelden var ugletut og vind.

Neste morgon når Viljar, Ivar og eg våkna fann vi ein sovande Kjetil på vakt. Vi vekte han og lo over at han hadde sovna. Når vi gjekk vidare var terrenget mykje villare og vi møtte på fleire dyr. Nokon litt skumlare enn andre. For eksempel ein orangutang som hadde prøvd å ta oss til fange ved å klaske oss i kjakene. Vi møtte også på ein papegøye som ikkje kunne snakke. Viljar meinte at dette betydde at vi fortsatt var langt unna menneske og det var nok sant. No følgde vi ingen sti lenger, no følgde vi berre eit kompass Ivar hadde på telefonen som funka ganske bra. Det einaste problemet var at det brukte strøm så vi sjekka bare ein gong i timen.

Den kvelden då vi sette opp teltet i ein liten lysning i skogen, var alle sletne og svoltne. Kjetil drog for å finne mat. Han hadde vore lenge borte då han plutselig kom holdandes på eit sår på kneet. Han var blitt bitt av ein Anrinatusumala hukomala- edderkopp som ga deg kortidshukommelse i 7 dagar. Dette kunne Viljar stadefeste sidan han hadde sett på såret, og sidan han var utdanna og kjente bittet igjen. Symptomane hadde tydelegvis ikkje kome enno, så vi reinsa såret og sette på bandasje som Viljar hadde hatt med seg. Kjetil spurde Viljar om såret ville gro heile 36 gongar den kvelden ilag med ein rekke andre spørsmål som han hadde stilt fleire gongar. Etter to timar begynte dette å bli plagsamt og sjølv om at vi visste at det var på grunn av bittet, var det av og til litt vanskeleg å svare høfleg.

Den kvelden åt vi nokon nøtter vi hadde plukka i eit skråttvoksende tre. Morgonen dagen etter såg Kjetil ganske fjern ut, så vi ga han ein av colaboksane vi hadde kjøpt på tax free en. Noko han såg ut til å like. Vi andre putta ein boks med cola i lommene våre som vi kunne drikke av side vi ikkje hadde funne vatn dagen før. Så skjedde noko fullstendeg uforventa. Ein tiger kom og sperra vegen for oss. Ivar tok instinktivt opp brusflaska av lomma og kasta den på tigersen. Dette gjorde tigersen endå sintare, men det ga meg ein ide. Eg tok colaen min rista den voldsomt og opna den. Då spruta da voldsomme mengder

13/9-13

f619

Eut

Norsk

Nr.
①

cola på tigeren. Dette gjorde tydelegvis tigeren skremt og eit sekund etter var tigeren løpt sin veg og kom nok ikkje tilbake med det fyrste.

Seinare den dagen kom vi til ein strand. Dette gav Viljar ideen å sette opp eit SOS merke i sanda laga ut av stein. Mens Viljar og ein Kjetil som alltid spurte om kvifor han heldt ein stein i handa, jobba med SOS merke, leita eg etter mat og lvar satt opp teltet. Den dagen fant eg faktisk kokosnøtter som vi slo hol på med ein stein. Mjølka inni smakte ganske godt, og alle var villig til å smake. Vi bestemte oss for å bli her til vi fekk hjelp, så dei neste dagane gjekk med på å byggje på SOS merke.

Så ein dag satt alle fire inne i teltet (Kjetil hadde nettopp fått tilbake hukommelsen) og åt av M&M posen. Så hørde eg det. Det var motordur Nokon hadde funne oss! Over oss svedde eit helikopter som litt etter landa ved sidan av teltet. Dei sa at dei hadde sett SOS merket og at ein båt ville komme og hente oss om ein time eller to. Helikopteret blei verande til båten kom. Vi pakka alle tinga våre og hoppa om bord i båten. Kapteinen lurte på kor lenge vi hadde vore der og eg sa vi hadde mista teljinga. Når vi var kommen til nærmaste by, tok vi fly derifrå tilbake til Norge. I Norge ble vi tatt godt i mot, og vi fekk også ein overlevelspris av Lars Monsen. Vi kom på forsida i mange aviser, Og folk flest blei aldri leie av historia vår.

SLUTT